

Kritisk til BTs avisemakt

Medieprofessor Helge Østbye (bilete) meiner BTs kjøp av to nye lokalaviser kan svekkje mangfaldet.

HANS K. MJELVA
hans.mjelva@bt.no

Om lag halvparten av lokalavisene rundt Bergen er no eigde av BT.

– Vi vonar at dette kan bidra til å gje lesarane endå betre lokalaviser i Bergens-området, sa adm. direktør Didrik Munch, då det fredag vart klart at BT kjøper 67 prosent av lokalavisene Strilen (Lindås) og VestNytt (Fjell). Dei andre aksjonærane vil få tilbod om å selje aksjane til BT.

Frå før eig BT 100 prosent av Askøyværingen, Bygdanytt (Arna) og Fanaposten. I tillegg eig BT Avisprodukter AS, som gjev ut gratisvisa Bergen byavis (tidlegare Annonseavisen). Avisa kjem ut ein gong i veka med 100.000 eksemplar.

– Ekstremt dominerande

Med kjøpet av VestNytt og Strilen eig BT fem av 11 lokalaviser i Bergen og pendlarkommunane rundt byen. Då er BA halden utanfor.

Målt i opplag er BT-avisene større enn dei avisene som ikkje er eigde av BT: 25.845 mot 20.288 eksemplar.

– Eg ser dette som problematisk, spesielt viss det skjer ei koordinering av innhaldet, seier medieprofessor Helge Østbye ved Universitetet i Bergen.

– Dette betyr at BT og dotter-selskapa får ein ekstremt dominerande posisjon. Og når Bergens Tidendes eigarar og eig den største nasjonale avisa, blir det Schibsted på alle nivå, seier han.

– Både BT-direktør Didrik Munch og BT-redaktør Einar Hålien seier at kjøpa ikkje vil ha noko å seie for den redaksjonelle fridomen til lokalavisene. Trur du ikkje på dei?

– Kor lenge sit ein direktør eller ein redaktør i gjennomsnitt? Eg trur for så vidt at dei vil jobbe i den retning dei seier, men deira ord varer ikkje lenger enn den tida dei sit, seier Østbye.

Hålien avviser og at BT si satsing med lokale internettsider under bt.no-paraplyen vil føre til

Eig to av tre trykkjeri

Det er ikkje berre lokalaviser Ottar Hummelsund, Erling Severinsen, Lambert Wulf og Sigurd Hille no har seld til BT. Med på kjøpet følger og det moderne trykkjeriet Mediatrykk ved Fleslandsvegen. Trykkjeriet omsette i 2006 for over 50 millionar kroner, langt meir enn dei to lokalavisene til saman. Mediatrykk trykkjer reklamemateriell, i tillegg til ei rekkje lokalaviser. Dermed kontrollerer BT no to av tre avistrykkjeri i Bergensområdet. Det siste, Bergensavisen Trykk AS, er eigd av BA og hadde i 2006 ei omsetning på linje med Mediatrykk, drygt 55 millionar kroner. Til samanlikning hadde Bergens Tidende trykkjeriinntekter, utanom trykking av eiga avis, på over 100 millionar kroner i 2006.



eit djupare redaksjonelt samarbeid med lokalavisene. BT samarbeider i dag med Fanaposten

og Bygdanytt om lokalsidene for Fana og Arna.

– Å utveksle stoff til papiravisa har ikkje vore tema, og eg ser ikkje at det blir det. Men om så er, blir det ikkje det same som å samarbeide om redaksjonelle prioriteringar, seier han.

Prinsipielt uroa

Heller ikkje annonsørane har noko å frykte, seier adm. direktør Didrik Munch i BT.

– Dessutan er det liten konkurranse mellom BT og lokalavisene, seier han.

Ifølgje Munch er det ikkje noko

annonsesamarbeid mellom BT og lokalavisene i dag, men han kan ikkje utelukke at det kjem i framtida.

Direktør Wenche Jacobsen i Annonseforeningen seier dei prinsipielt ønskjer størst mogleg konkurranse og mangfald i mediemarknaden.

Byråleiar Ove Grønnevik i Oktan-gruppen, Bergens størst reklamebyrå, er ikkje uroa.

– Mange lokalaviser er laga med avgrensa ressursar. Eg trur at BT kan vere med på å profesjonalisere avisene. Så eg trur det vil vere utelukkande positivt, seier han.

grafikk/avisopplag i Bergensområdet

Aviser eigd av Bergens Tidende AS:	
Bergens Tidende	87 668
VestNytt	6 143
Askøyværingen	5 452
Strilen	5 311
Bygdanytt	4 536
Fanaposten	4 403
SAMLA OPPLAG 113 513	
I tillegg eig BT 100 prosent av Avisprodukter AS, som gjev ut gratisvisa Bergen byavis (tidlegare Annonseavisen). Avisa kjem ut ein gong i veka i 100.000 eksemplar.	
Aviser som ikkje er eigd av BT:	
Bergensavisen (BA)	29 311
Nordhordland	6 294
Os & Fusa posten	5 793
Samningen	1 380
Sydvesten	2 146
Vaksdal Posten	2 405
Åsane Tidende	2 270
SAMLA OPPLAG 49 599	
Kjelde: NAL og LLA	

Stiller ut menneskerettigheter i New York



MENNESKERETTIGHETER: Turi Aksdal har visualisert menneskerettighetene. Her gjør hun klar Artikkelen 17 til utstillingen i New York. Den handler om eiendomsrett.

I over to år har Turi Aksdal fotografert menneskerettigheter. Nå stiller hun ut bildene i New York.

KARI FAUSKANGER
ØRJAN DEISZ (foto)
Kari.fauskanger@bt.no

Til daglig er hun reklamefotograf med atelier på Nesttun. Møter og modeller er hennes hverdag. Men Aksdal ville bruke det hun kan til noe mer.

I år er det 60 år siden FNs menneskerettighetserklæring ble vedtatt. Turi Aksdal er fascinert at det finnes et sett

«oppdragelsesregler» for hele verden. Hun har lest mye om menneskerettighetene.

– De fleste paragrafene er fornuftige for alle, men for noen er de et stort problem, sier hun.

Vil ikke provosere

Hun vil ikke provosere med bildene sine og er ikke ute etter en ny karikaturstrid. Aksdal ønsker å nå alle.

– Du åpner ikke opp ved å provosere, sier hun. Derfor ble uttrykket i bildene en utfordring, for hvordan billedlegger man allmenne prinsipper om

rett til liv, frihet, sosial trygghet og opplæring?

Fotografen valgte skygger. Bildene antyder, men enn å slå fast, hva dette handler om. Samtidig har hun med en kortversjon av hver artikkel på hvert bilde. Tekstene er på engelsk.

Hun har tatt netter og fritid til hjelp for å komme i mål med arbeidet, men nå står bildene der, 30 i alt – et for hvert punkt i menneskerettighetserklæringen.

Trygve Lie Gallery

Bildene har aldri vært vist sam-

let før. Dette har vært Aksdals overskuddsprosjekt. Hun har ikke mottatt én krone i støtte. Utstillingen i New York er også blitt til på hennes initiativ. Trygve Lie Gallery, som ligger på 52nd Street i New York, fattet interesse for bildene. Torsdag åpner tidligere bistandsminister og nå nestsjef i UNICEF, Hilde Frafjord Johnson utstillingen.

– Drømmen er å få stille ut bildene andre steder. OL i Beijing eller et arabisk land hadde vært toppen, sier Aksdal.